

VEDLEGG



**DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortinget  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/100-

3. februar 2023

## **Dokument 8:81S (2022-2023) om å styrkje barn sitt personvern på digitale flater**

Eg viser til brev frå Familie- og kulturkomiteen om Dokument 8: 81 S (2022-2023) om å styrke barns personvern på digitale flater, oversendt Barne- og familiedepartementet 9. januar.

Barns personvern er eit svært viktig tema, aktualisert av dei store teknologiske utviklingane dei siste åra. Det digitale livet er heilintegrrert i barn sine liv, og det er naudsynt å ivareta retten til personvernet deira. Regjeringa er i gong med å styrkje og sikre barn sitt personvern på fleire vis. For å svare på forslaget har Barne- og familiedepartementet også innhenta innspel frå Kommunal- og distriktsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet. Under kommenterer eg konkrete tiltak og prosessar i departementa som er relevante for forslaga.

### **Om Personvernkommissjonen si utgreiing**

Fleire av forslaga gjeld anbefalingar frå Personvernkommissjonen si utgreiing. Utgreiinga frå Personvernkommissjonen blei overlevert til kommunal- og distriktsministeren 26. september 2022. Utgreiinga inneheld meir enn 140 tilrådingar og tiltak. Kommisjonen har kartlagt personvernutfordringar og -konsekvensar, og dessutan foreslått tiltak, innan fire hovudområde: offentleg sektor, justissektoren, skule- og barnehagesektoren og forbrukarsektoren.

Kommunal- og distriktsdepartementet er i prosess med å følgje opp Personvernkommissjonen si NOU 2022:11. Rapporten er på høyring fram til 10. februar 2023. Etter utløp av høyringsfristen vil Kommunal- og distriktsdepartementet gå gjennom høyringsinnspela. Kommunal- og distriktsdepartementet vil etter dette vurdere kva for tiltak og forslag frå rapporten som skal følgjast opp, og korleis det kan gjerast. I samband med oppfølginga vil Kommunal- og distriktsdepartementet ha dialog med aktuelle departement, inkludert Barne- og familiedepartementet.

I Hurdalsplattforma seier regjeringa at den ønsker å utarbeide ein nasjonal strategi og retningslinjer for personvern og digitalt privatliv. Personvernkommissjonen foreslår òg at det vert utarbeidd det dei omtaler som ein nasjonal personvernpolitikk. Forslaga som kjem frå representantane er interessante, og peiker på viktige og prinsipielle utfordringar. Kommunal- og distriktsdepartementet vil ta forslaga med vidare i arbeidet med ein nasjonal personvernstrategi.

## **Representantane sine forslag**

I det vidare kommenterer eg dei ulike forslaga frå representantane kvar for seg.

### **Forslag 1 – Lovutval om regelverksendringar for å verne barn og unge på digitale flater**

Ordlyden i forslaget om «regelverk for å beskytte barn og unge i digitale flater» femner vidt. I bakgrunnen for denne delen av forslaget blir det særskilt vist til omsynet til forbrukarvernet til barn. Representantane viser til at Barneombodet og Forbrukarrådet har etterlyst ein gjennomgang av regelverket for marknadsføring for å sjå korleis det kan innrettast for å gi barn betre vern mot kommersiell utnytting på digitale flater.

Eg er oppteken av at den digitale utviklinga har førd med seg store forandringar i korleis barn blir eksponert for kommersiell påverknad. Barn trer automatisk inn i ei forbrukarrolle når dei nyttar digitale medium. Digitaliseringa har introdusert nye og effektive marknadsføringsmetodar på digitale arenaer og møteplassar for barn. Samstundes er barn særleg utsette for marknadsføringspress, på grunn av deira naturlege godtru og manglande erfaring. Eg meiner, like eins som representantane, at det er urovekkande at barn og unge vert utsett for uheldig påverknad om mellom anna kropp, i sosiale medium, slik Barn og medier-utgreiinga frå 2020 frå Medietilsynet viser. Regjeringa har nyleg sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal sjå nærare på forbrukarvernet til barn i digitale medium i ein heilskapleg gjennomgang. BFD leier dette arbeidet, og har invitert til eit offentleg innspelsmøte om dette 17. februar 2023. Gjennomgangen skal ta føre seg relevant regelverk på tvers av sektorane, og skal òg vurdere om handhevinga kan bli meir effektiv.

Førebels meiner eg at denne gjennomgangen oppfyller det same føremålet som eit utval når det gjeld forbrukarvernet til barn. Arbeidsgruppa har òg allereie starta arbeidet sitt. Eg vil likevel ikkje utelukka at det etter kvart kan vere tenleg med eit utval i tillegg til dette arbeidet. Personvernkommissjonen har, som representantane, tilrådd eit lovutval for å gå gjennom og foreslå endringar i regelverk for å verne barn og unge på digitale flater.

Personvernkommissjonens utgreiing er no på høyring. Regjeringa vil difor få innspel til forslaga frå høyringsinstansane, blant anna til forslaget om eit lovutval slik representantane foreslår. Eg meiner difor at det er for tidleg å ta stilling til om det er ønskeleg med eit slikt lovutval. Kommunal- og distriktsdepartementet tek sikte på ei grundig oppfølging av kommissjonens utgreiing, og vil vurdere personvern i eit heilskapleg bilete. I denne samanhengen vil det vere sentralt for meg å sørge for at personvernet til barn og unge blir grundig følgd opp og sett i samheng med allereie pågåande arbeid på feltet. Det må òg gjerast ei avgrensning opp mot til dømes tema som vart handsama i

Medieskadelegheitsutvalet (NOU 2021:3), som i hovudsak tilrådde andre tiltak enn lovendringar.

### **Forslag 2 – Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn**

På grunn av at barn er særleg sårbare for påverknad gjennom reklame, kan åtferdsbasert marknadsføring ramme denne gruppa spesielt. Regjeringa tok eit tydeleg standpunkt om at åtferdsbasert marknadsføring overfor barn bør bli forbode i forordninga om digitale tenester, (Digital Services Act). Som forslagsstillarane peiker på er denne forordninga no vedteken i EU, med eit slikt forbod. Eg synest forslagsstillarane har gode poeng når dei tar opp korleis dette forbodet skal verke i praksis. Det er viktig at eit slikt forbod får den ønska effekten.

Innsamling og behandling av personopplysningar om korleis barn og unge brukar digitale løysingar og sosiale medium, står samstundes sentralt i utgreiinga frå Personvernkommisjonen. I tillegg støttar kommisjonen eit forbod mot bruk av særlege kategoriar av personopplysningar til marknadsføringsføremål når opplysningane er utleia frå data som ikkje var sensitive på tidspunktet dei vart samla inn. Forslaget frå representantane er samsvarande med tilrådinga frå Personvernkommisjonen. Eg meiner difor det er naturleg at forslaget vert vurdert som ledd i Kommunal- og distriktsdepartementets oppfølging av Personvernkommisjonens utgreiing.

Eg viser vidare til oppmodingsvedtak nr. 196 og 197 (2022-2023) om betre personvern på sosiale medium, inkludert forslaget om utgreiing av eit forbod mot reklame som er basert på masseovervaking, sporing og profilering av enkeltpersonar. Det vil også vere naturleg å sjå forslaget frå representantane i samheng med desse oppmodingsvedtaka.

### **Forslag 3 – Forbod mot bruk av barns personopplysningar til åtferdsbasert marknadsføring**

I Hurdalsplattforma seier regjeringa at vi vil vurdere krav om datadeling frå private selskap og beskytte innbyggjarane mot digital overvaking og påverknad. Bruk av barns personopplysningar til åtferdsbasert marknadsføring kan vere eit inngrep i personvernet til det enkelte barn. Representantane viser til at det kan vere utfordrande å vite kven som er mottakar av åtferdsbasert reklame. Av denne grunnen meiner representantane at selskap må påleggjast eit føre-var-prinsipp. Representantane peiker på at det ikkje er ønskeleg med meir sporing og profilering for å kartleggja alder og kjønn på forbrukarane.

Personvernkommisjonen tilrår eit forbod mot bruk av barn sine personopplysningar til åtferdsbasert marknadsføring. Representantane viser til forslaget frå kommisjonen og meiner like eins som kommisjonen at barn sine personopplysningar ikkje bør brukast til åtferdsbasert marknadsføring sjølv om marknadsføringa ikkje er retta mot barn. Eg viser her til EUs vedtak om DSA (Digital Services Act), der åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn er forbydd, og til Stortingets oppmodingsvedtak nr. 196 frå 12. desember 2022. I oppmodingsvedtaket ber Stortinget regjeringa vurdere kva handlingsrom Noreg har til å regulere digitale tenester utover reguleringa i DSA og Digital Markets Act, med tanke på å vurdere konsekvensar ved eit norsk forbod mot reklame som er basert på masseinnsamling av personopplysningar, sporing og profilering av enkeltpersonar på digitale plattformer. Eg meiner det er formålstenleg å sjå forslaga frå representantane om åtferdsbasert marknadsføring i

samanheng med tilrådinga frå Personvernkommissjonen og det nemnde oppmodingsvedtaket. Kommunal- og distriktsdepartementet har opplyst at dei vil ta med seg forslaga i oppfølginga av Personvernkommissjonens utgreiing, og eg vil bidra i dette arbeidet.

#### **Forslag 4 – Tydeleggjering i barnelova av barnet si sjølvstendige rett til privatliv, mot foreldras samtykkekompetanse**

Departementet går no gjennom forslaga frå Barnelovutvalet. Eg tek sikte på å leggje fram ein lovproposisjon om ny barnelov i 2024.

Blant forslaga som Barnelovutvalet foreslo i NOU 2020: 14 var det å klargjere at foreldre må ta omsyn til retten barnet har til privatliv og personvern når dei skal samtykkje til å dele personopplysningar på vegne av barnet. Utvalet har òg foreslått at barn kan nekte foreldra å dele personopplysningar, og at det blir gitt ein alminneleg personvernrettsleg myndigalder på 13 år. Dette handlar om at omsynet til barna set nokre grenser for kva foreldre kan dele, og dette ønskjer utvalet å klargjere.

Departementet er i gong med å vurdere desse forslaga. Det er ei rekkje problemstillingar vi må sjå nærare på, i dialog med Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Datatilsynet.

#### **Forslag 5 – Styrking av forståinga av barns rett til personvern i familiære forhold**

Det er viktig at foreldre er bevisste sitt ansvar for å vareta barn sitt personvern. Eg har i tildelingsbrevet for 2023 gitt Bufdir i oppdrag å utarbeide informasjon om barn sitt personvern til nettsida foreldrehverdag.no.

Personvernkommissjonen tilrår at personvernutfordringar knytt til innhald delt av foreldre og andre barn blir førebygde gjennom kompetanseheving, mellom anna gjennom undervisning. Kommisjonen vurderer også at Barneombodet bør utvikla ein rettleiar for barn og foreldre for å styrkja forståinga av barns rett til personvern i familiære forhold. Eg vil vurdere dette i oppfølginga av Personvernkommissjonens NOU saman med Kommunal- og distriktsdepartementet.

#### **Forslag 6 – Forbod mot å publisere egne barn sine personopplysningar for kommersielle føremål på nett**

Mange foreldre bruker sosiale medium til å publisere bilete av barna sine. Allereie før barnet er fødd, kan dokumentering av livet til barnet ha tatt til. Statistikk utarbeidd av Respons Analyse for Unicef Norge, viser at norske foreldre har delt 1165 bilete av avkommet innan barnet er 12 år.<sup>1</sup> Barn har rett til respekt for eiga privatliv og Personvernkommissjonen peiker på at det kan vere problematisk for barn sitt personvern at personopplysningar om dei vert gjort kjente for ålmenta.

Personvernkommissjonen har ikkje kome med nokon tilråding på dette punktet, men meiner likevel at foreldre ikkje bør publisere barns personopplysningar, inkludert bilete, for kommersielle formål på nett. Eg er samd med Personvernkommissjonen i dette. På same

---

<sup>1</sup> [Foreldre må begrense bildedeling av barn på nett | UNICEF Norge \(ntb.no\)](#). Spørreundersøkelsen ble gjort blant foreldre i tidsperioden oktober og november 2019 hvor 504 foreldre svarte.

måten som representantane, peiker Personvernkommissjonen på at slik eksponering av barn sine personopplysningar er særleg problematisk når den er driven av sterke kommersielle interesser. Eit forbod mot å publisere personopplysningar med kommersielle føremål, slik representantane føreslår, kan vere ein moglegheit. Det er samstundes inngripande. Som eg har vist til over har Barne Lovutvalet i sin rapport føreslått nye reglar for å sikre barns vern av privatliv og personvern, og ei plikt for foreldre til å ta omsyn til barns rett til privatliv og personvern når dei samtykker på vegner av barn. Det er naturleg å sjå forslaget til representantane i samheng med pågåande arbeid, mellom anna oppfølging av Barne Lovutvalet.

### **Forslag 7 – Styrking av opplæringa i personvern som grunnleggjande menneskerett i skulen**

Forslaget samsvarar med tilråding frå Personvernkommissjonen, og liknar ei anbefaling frå Medieskadelighetsutvalget. Personvernkommissjonen avdekka at det i lita grad vert undervist om personvern som ein grunnleggjande menneskerett, eller i samband med samfunnsfag. Kommisjonen meiner at ei grunnleggjande forståing av kvifor personvern er viktig for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati, er ein viktig føresetnad for eit opplyst samfunnsliv, og gir nødvendig kontekst for betydninga av digital dømmekraft. Medieskadelighetsutvalget ser eit behov for å gjere barn og unge medvitne om personvern.

Personvernkommissjonen meiner skulen må styrkje opplæringa om personvern som ein grunnleggjande menneskerett. Undervisning om personvern i skulen kan bidra til at elevane får eit meir medvite forhold til at personopplysningane deira blir behandla, og innsikt i kva for personopplysningar digitale læringsverktøy samlar inn. Opplæring i personvern er viktig og Kommunal- og distriktsdepartementet vil jobbe vidare med dette i samband med oppfølginga av rapporten frå Personvernkommissjonen.

Læreplanverket styrer innhaldet i opplæringa. Eg vil vise til at læreplanverket nyleg er fornya, og at skulane fyrst tok i bruk dei nye læreplanane hausten 2020. Det nye læreplanverket legg vekt på at elevane utviklar kunnskap om personvern og grunnleggjande menneskerettar. Elevane skal utvikle digitalt medborgarskap og digitale dugleikar som digital dømmekraft, digital kjeldekritikk, og få kunnskap om å følgjereglar og normer for nettbasert kommunikasjon, personvern og opphavsrett.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget i opplæringa. Samfunnsfaget er eit døme, der faget skal bidra til engasjement, kritisk tenking, skaparglede og utforskartrøng, og bygge opp under haldningar og verdiar som toleranse, likeverd og respekt. Gjennom samfunnsfaglege tenkjemåtar og metodar skal elevane utvikle et aktivt medborgarskap bygd på kjennskap til demokrati, miljø, menneskerettar, likestilling og verdien av mangfald. Samfunnsfag er eit sentralt fag for at elevane skal bli deltakande, engasjerte og kritisk tenkjande medborgarar

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet utvikla støtteressursar for tilsette og leiarar i skolen så dei kan utvikle kompetansen sin om trygge og gode skolemiljø. I desse ressursane ligg det tema om digitale krenkingar, uønskte hendingar på nett og digital dømmekraft.

Sidan læreplanane er så nye har vi difor førebels ikkje kunnskap om korleis opplæringa vil endre seg etter det nye læreplanverket.

### **Forslag 8 – Etablering av forskingsmiljø for barn og digitale medium**

Forskinga som finnast om barn og unges digitale oppvekst er fragmentert, og mange deler av barn si digitale oppvekst er forska lite på. Eg er samd med representantane i at det er behov for å samordne og styrke forkinga på feltet. Å bidra til meir samarbeid i forskingsmiljøa kan vere nyttig både for forkinga, og på sikt for politikkkutforminga.

Medieskadelighetsutvalget si utgreiing NOU 2021:3 *Barneliv foran, bak og i skjermen* peiker på dei same utfordringane. Utvalet anbefaler å opprette eit nasjonalt *kunnskapssenter* for barn og unge si mediebruk, som har fokus på forking, utvikling og kunnskap på området. Dei anbefaler sterkt at senteret vert lagt til eit forskingsmiljø. Alle høyringsinstansane som kommenterte spørsmålet, støttar oppretting av eit nasjonalt kunnskapssenter. Samstundes er det ulike oppfatningar om korleis eit slikt senter bør vere innretta og organisert.

Barne- og familiedepartementet greier ut opprettinga av eit forskingssenter om barn og unge si digitale oppvekst. Det er omtalt i Prop. 1 S (2022-2023) for Barne- og familiedepartementet.

### **Forslag 9 – Norsk deltaking i EU Kids Online**

EU Kids Online-undersøkingane gir nyttig informasjon om korleis norske barn opplever si tid på nett, og gjer høve til å samanlikna med andre europeiske barn. Det er verdifullt både for å syne forhalda i Noreg, og å gje kontekst til dei norske opplevingane. Som representantane skriv, vert resultatata brukt hyppig. Eit hol i datagrunnlaget vil innebere å bryte tidslinjene i statistikken. Medieskadelighetsutvalget peikar på at det er for lite kunnskap om barn si bruk av nett.

Universitetet i Oslo ved Institutt for medier og kommunikasjon har søkt Barne- og familiedepartementet om midlar til å delta å EU Kids Online i 2023-2027. Departementet handsamar søknaden, og har dialog med relevante departement om den.

Med helsing



Kjersti Toppe